

# FITJAR KYRKJEBLADE

NR 2  
APRIL 2016  
ÅRGANG 39



Tårnagentar



**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00  
onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjeverje:**

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Oma, Olav J. 906 38 825  
[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydsprest:**

Lydersen, Fríðleif 471 76 743  
[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Fyllingen, Silje 456 11 480  
[sify@fitjar.kommune.no](mailto:sify@fitjar.kommune.no)  
Olsen, Johannes (vikar) 913 61 574  
[jool@fitjar.kommune.no](mailto:jool@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjeterar/kyrkjegardsarbeidar**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Fellesrådsleiar:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Soknerådsleiar:**

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

**Bakken barnehage:**

kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til nytt orgel**

kontonr. 3520.64.83812

**Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet**  
(Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

## Redaksjonelt



# Han er oppstanden



**Vi feira påske for nokre veker sidan.**  
**Kyrkja var fullsett, og den eldgamle**  
**kyrkjelege helsinga vart ropa ut.**  
**«Kristus er oppstaden!» ropte presten.**  
**«Ja, han er sannleg oppstaden!»**  
**svara kyrkjelyden. Slik har denne**  
**helsinga gått gjennom to tusen år,**  
**og no nådde den våre øyre.**

Olav J. Oma

Vi som var der kjende gjenlyd av det gamle håpet, det som framleis er nytt. Han er oppstaden, Jesus lever.

To veker seinare feira vi borna sin påskefest. Barnegospel song, dei takka for påska og det som Jesus gjorde, og dei song: «rikere enn en millionær, elsket for den jeg er...»

Ja påska fortel nettopp det, kor uendeleig høgt du og eg er elsa. Og når nokon kom og sa at det var seint å feira påske to veker etter påska, så svarte eg, «no er det påsketid!»

Kyrkja og den kristne lever i påskeitida. Vi lever og trur at Jesus døydde. Han vart lagt i ei grav. Men han er oppstaden. Han gjev håp for ditt og mitt liv.



*Foto: Anne Hardeland*

**"Fitjar Kyrkjeblad"**

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

**Adresse:**

Kyrkjekontoret / rådhuset  
postboks 10, 5418 Fitjar

**Redaksjon:**

Olav J. Oma (red.)  
Fríðleif Lydersen  
Karvel Strømme  
Torill Hartvedt  
Anne Hardeland  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 3. juni**  
**til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

**Neste blad**

kjem etter planen 15. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

**Grafikk:** Henta frå freepik.com - **Trykk:** Nils Sund Boktrykkeri AS

# Kyrkjelydspresten er godt i gong...

Friðleif Lydersen

Eg vil først av alt takka for den flotte mottakinga eg fekk når eg tok til i stillinga som kyrkjelydsprest. Eg har no vore i gong i godt og vel to månadar så eg har fått oversikt over oppgåvane, samstundes som eg har fått vore med på mange ting allereie. Eg har mellom anna vore med på skulegudstenester, gudsteneste på slippen i Dåfjorden og konfirmant leir i Etne.

På skulegudstenestene hadde dei tre skulane laga filmsnuttar, som vart brukte i forbindelse med preika i gudstenestene. Eg synes det var flott at vi prestane kunne få bruke og flette inn borna sine tankar om glede, svik og von i preika.

Det var og spennande å få reise på konfirmantleir til Etne saman med Fitjar konfirmantane, og få være med på en så stor leir med så mange konfirmantar og voksen leiarar. Å være på leir i Etne var ein god og positiv oppleveling for oss vaksne og ungdomane. Dei som underviste var flinke til å formidla den kristne bodskapen på ein god og lettfatteleg måte. Dei underviste mellom anna om Guds kjærleik, nestekjærleik og bøn.

No arbeider eg med å laga ein plan for diakoniarbeidet vårt. I Den norske kyrkja sitt

dokument «Plan for diakoni» definerer ein diakoni slik: "Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd."



Der er laga ein mal for korleis ein fullstendig diakoniplan for kyrkjelyden skal sjå ut. Her set eg inn dei diakonale tiltaka vi har i Fitjar. Diakoniplanen er delt inn i fire kategoriar «Nestekjærleik», «Inkluderande fellesskap», «Vern om skaparverket» og «Kamp for rettferd».

I Fitjar kyrkjelyd er det mykje godt diakonalt arbeid som vert gjort av lønna og frivillige medarbeidarar. Eg kan mellom anna nemna båreandakter, besökstenesta, gudstenester, diakoniturar, fasteaksjonen og mange fleir.

Vi skal på diakonitur til Bømlo 29. mai. Det er bare å melde seg på turen.

## Bli med på Diakonitur

Diakoninemnda inviterer til tur.

Søndag 29. mai, dreg vi med full buss (håpar vi) til Bømlo.

Denne søndagen er det ikkje gudsteneste på Fitjar, men vi inviterer deg med på gudsteneste under open himmel i Moster Amfi. Dei har fått nye benker med rygg, så det skal vera godt å sitja. Gamlepresten vår Herman Inge Aadland skal preika i gudstenesta som tek til 13.00.

Etterpå skal vi eta fin middag på HSD Cafe & Brasserie på Svortland. Sidan vert det tur ut til Brandasund og kaffimat ved bussen undervegs.

Pris for turen er 700,-. Alle får giro.

Avreise frå «Teo» 11.30 - Gudsteneste 13.00 - Middag 15.00

Frist for påmelding fredag 20. mai til kundetorget i kommunen 53458500.

*Diakoninemnda*

## Båten:

### 6. mai:

Då inviterer vi med oss alle dei som går i 4. og 5. klasse til Breiavikjo der vi skal boltre oss på, og ved vatnet.

Tidspunkt: kl. 10-14

## Pinsefest:

### 11. mai:

Då feirar vi kyrkja sin bursdag, ved å invitere alle 1. klassingar til bursdagsselskap i kyrkja.

Tidspunkt: kl. 1330-1530

# Min salme - Martin Nygård

Denne gongen er det ein av nestorane i kristenlivet i Fitjar, Martin Nygård, som deler med oss sin kjæraste salme. Han er ein mann som har vore engasjert i kristent arbeid heile sitt liv. Også som pensjonist er han aktiv som talar og andaktshaldar både i og utanfor bygda. Då kyrkjebladet møtte han, sto han på farten til å halda tale for Samemisjonen på Borgundøy. «Eg synest det er fint å kunna stilla opp der det trengst», seier han.

Anne Hardeland

Han er svært glad i salmar og fylgte ivrig TV-programmet «Salmeboka minutt for minutt». Til 75-årsdagen fekk han den nye salmeboka som gavé, og samstundes eit hefte som sonen Oddvar hadde laga, der det sto omtale av kvar einaste salme i boka. Dette sette han stor pris på.

Salmen han har valgt i dag er «Ingen er så trygg i fare» av Lina Sandell, og særleg det siste verset har betydd mykje for han heilt sidan han var barn. Han vaks opp med 5 søsknen, ein far som reiste mykje rundt som emmisær og ei mor som tok seg av bruket og stelte i floren. «Ho var eit særslig gudfryktig menneske og gjekk alltid rundt og song», minnest han. Dei hadde 4 kyr på båsen, og ein morgen ho kom i floren, var ei av dei død. Då ho kom tilbake og vekte han, song ho siste verset av denne salmen:


*Hva han tar, og hva han giver,  
samme Fader han forbliver,  
og hans mål er dette ene:  
Barnets sanne vel alene.*

Dette gjorde eit uutsletteleg inntrykk på eit ung barnesinn, eit sterkt minne han har hatt med seg vidare

i livet. Den gongen tydde det at dei miste ein fjerdedel av inntektene sine på garden, men mora var likevel tillitsfull overfor Gud. Kva som enn skjedde, stolte ho på at Gud ville det beste. Særskilt dei siste åra etter at dei miste sonen Knut Heine i ei arbeidsulukke, har Martin tenkt på dette, og funne trøyst i det. Gudstilhøvet er å finna tryggleiken i å høyra Gud til.

I 1950 flytta familien frå Avløypet til Hovstad. Der tok Martin Nygård til på søndagsskulen, og som 13-åring vart han med i Yngreslaget. På ein Yngresleir i Vinnesvågen då han var 14 år, tok han standpunkt om å følgja Jesus. Eit standpunkt han seinare har halde fast ved. Sjølv var han hovedleiar for Yngres i 35 år, frå 1973 til 2008. Her hadde dei andaktar, opplesing, framhaldsbok som dei las, og andre aktivitetar. Dette opplevde han som svært givande. På 60-talet var han formann i Ungdomsforeningen i 7 år. Der kunne ungdommane vera med til dei var 35 år. Denne foreningen hadde ansvar for 2 søndagsmøter i månaden, for 17. maifestar, julefestar og konfirmantfestar. Eit rikt arbeid. Etter dette var han aktiv i Indremisjonen. Han var også medlem av soknerådet i to bolkar, til saman 12 år, gjorde sin innsats i kommunestyre og landbruksnemnd og har hatt diverse andre tillitsverv opp gjennom åra.

Størsteparten av sitt yrkesliv hadde Martin ved Fitjar Mekaniske. Der var han i 38 år og hadde m.a. ansvar for rekneskap og løn. Samstundes dreiv han garden heime. I ein periode reiste han rundt og selde gulrøtter, poteter og hadde eggerute, noko han lika godt. Eit aktivt liv.



«I fritida likar eg godt å lesa. Bøker som har med krigen å gjera står høgt på lista. Det same gjer biografiar, dokumentarar og bøker om Israel, som eg også har besøkt», fortel han. Heime finst eit rikhaldig arkiv med avisutklipp i permar, t.d. om politikk, kyrkja, bedehus, eller store hendingar i samfunnet.

Martin Nygård er ein mann som har vore prøvd i livet, men som likevel har halde trufast på trua han har med seg frå barndommen. Som pensjonist set han stor pris på kontakten med sine 4 barn og barnebarna og ikkje minst samvær med kona Sofie. Og han er glad for framleis å kunna bidra i kristenlivet med andakter og talar. Me er svært takksame for alt det arbeidet han har lagt ned i kyrkje og bedehus i bygda vår gjennom eit langt liv, og ser fram til fleire gode møte med hans varme, lune vesen og trygge tru.

«Det er trygt og godt å høyra Gud til. Og eg er trygg på at kva som enn skjer, så har Gud oversikten», er orda han gir oss med på vegen.

## Ingen er så trygg i fare

Tekst: Lina Sandell

Melodi: Andeleg vise

*Ingen er så trygg i fare  
som Guds lille barneskare,  
fuglen ei i skjul bak løvet,  
stjernen ei høyt over støvet.*

*Herren selv vil sine berge.  
Han er deres skjold og verge.  
Over dem han seg forbarmer,  
bærer dem på faderarmer.*

*Ingen nød og ingen lykke  
skal av Herrens hånd dem rykke.  
Han, den beste venn blant venner,  
sine barns bekymring kjenner.*

*Våre hodehår han teller,  
hver en tåre som vi feller.  
Han oss føder og oss kleder,  
midt i sorgen han oss gleder.*

*Gled deg da, du lille skare!  
Jakobs Gud skal deg bevare.  
For hans allmachts ord må alle  
fiender til jorden falle.*

*Hva han tar, og hva han giver,  
samme Fader han forbliver,  
og hans mål er dette ene:  
Barnets sanne vel alene.*



## Fineståande festkonsert

**Temakveldgruppa traff midt i blinken  
då dei denne kvelden hadde invitert  
Fitjar skulekorps til å halda konsert  
for ei fullsett kyrkje.**

Anne Hardeland

Det var full trøkk frå første tone med cymbalar og horn, og dei fylgte opp med å visa at dei også meistrar det vare og myke. Olav Oma leia oss gjennom to timer med vakker og spennende musikk, der høgdepunkta kom «tett som hagl» for å bruka hans ord. At desse ungdommane frå 8-19 år kunne varta opp med eit så krevjande repertoar er berre utruleg imponerande. Ikkje minst at dei kunne spela så rein og presist. Framføringa var ung og frisk med tildels atonale og tette klangar, fantastisk dynamikk og presisjon kombinert med melodiøse parti som framkalte både frysningar, tårer, glede og varme.

Konserten vart innramma av tonar frå Sigvert Dagsland sitt rikhaldige program, og innimellom korpslåtane fekk me soloinslag på piano, trommer, tuba, trompet, horn og dei vakre songstemmene til Thea Træet og Audun Medhammer. Det fører for langt å nemna alle, men det var høg kvalitet på framføringane av kjende og kjære musikkstykke frå salmar til klassiske stykke og pop. Som avslutning fekk me Frode Alnæs sitt kjende stykke Vitae Lux med fullt orkester, glitrande samspel og klokkeklaare solistar. Mektig oppleving. Me kunne sete heile kvelden og berre sagt meir, meir!

Korpset var vinnarar av kulturprisen 2015 og tilstades var både kultursjef Bente Bjelland, ordførar Wenche Tislevoll og ein representant for NMF. Dei var alle djupt berørt og imponert. «Bygda hadde vore fattigare utan skulekorpset. Ved 17. mai, høgtider, opningar, happeningar, marknader og



Foto: Torbjørn Hovland

konsertar stiller skulekorpset opp og gler oss. Eg var til stades ved utegudsteneste i Breiavikjo der me fekk høyra livets ord og korpset spela livets musikk. Mektig. Korpset er gode ambassadørar for bygda og ein verdig vinnar av kulturprisen», avsluttar Wenche.

Men dette resultatet kjem ikkje av seg sjølv og foreldre og medhjelparar fekk også gode ord. Dirigenten Svein Roger Koppang har ein stor del av æra for at skulekorpset har nådd denne kvaliten. Og i fjar vart dei norgesmeistrar i 2. divisjon. Dei jobbar målbavisst med leik og humor og dirigenten viser at han bryr seg oppriktig om dei og er stolte av dei.

Me fekk ei sterk oppleving av ungdomsmeleg musicalitet, kvalitet og speleglede denne kvelden, og me kan berre sei med ordføraren «FOR ein konsert, FOR eit korps, FOR ei breddel!»

Tusen, tusen takk til skulekorpset for ei stor oppleving og til temakveldgruppa som gav oss høve til å motta all denne storslårte og vakre musikken ein vårveld i fitjarkyrkja!



# LOVED KonfCamp Etne 2016



KYGO look a like

Dette året har nesten alle konfirmantane vore i Etne på leir! Det var over 400 andre konfirmantar der, og saman hadde me det kjempekjekt, sjølv om det vart litt mykje program og litt lite søvn. Det som gjorde størst inntrykk, var når ein tidlegare narkoman fortalte om livet inn og ut av rusavhengighet, og om korleis Jesus var med i livet. I tillegg lærte me masse om Guds kjærleik, og påskeevangeliet. Med andre ord ein veldig bra leir!



Emilie fekk prøve stagedive



Vilde saman med den kule møteleiaren/presten

Indiamarked: Her kjøper me ting/tjenester av kvarandre, og pengane går til utdanning for indiske ungdommer.



Skjønnhetssalongen vart ein suksess



Skywalkeren stod aldri stille!



Dei kule...



Blide og flinke vaffelsteikarar



Det var mykje god undervisning om det å vere ungdom, og om Guds kjærleik. Bilete er henta frå eit dramastykke dei viste om korleis Jesus kjempar for å få vere med deg.

# Konfirmasjonar i Fitjar

## Laurdag 07. mai kl. 11:00

Tormod Olsen Brandvik  
Espen Hugøy Berntsen  
Helene Eiken  
Jonas Maraas Moldskred  
Victoria Sæterbø Nordbustad  
Maria Prestbø  
Kaia Rydland  
Malene Solli  
Katrine Lillenes Torland  
Frida Alfsvåg Traa  
Miriam Træet  
Ruben Kristoffer Tufteland  
Anna Tverderøy

## Laurdag 07. mai kl. 13:00

Awa Zandra van Bree  
Markus Gerhardsen  
Synne Hollund  
Sveinung Myhre  
Emilie Nesbø  
Daniel Rolfsnes  
Mathilde Bukkøy Rydland  
Lina Rydland  
Hannah Oline Tranøy Stokken  
Mathias Kristiansen Turøy  
Jonas Vik  
Ingfrid Morsund Øygard

## Sundag 08. mai kl. 11:00

Daniel Ivarsøy Bårdsen  
Klement Bod Fyske  
Harald Nesse Gloppen  
Elin Heggøy  
Eli Inntveit  
Maria Synnøve Toskedal Koløen  
Tina Volden Nordfonna  
Øyvind Rydland  
Vilde Vestbøstad

## Laurdag 30. april kl. 10:30

### i Fjell kyrkje

Nora Marie Hellesund


## "Saman for fellesskapet"

For ei tid sidan sende Fitjar sokneråd ein fargerik og informativ brosjyre med ovanståande tittel til alle husstandane i Fitjar. Me vonar at han nådde fram til dei fleste. I brosjyren oppfordrar soknerådet bygdefolket til gjevardugnad. Det er særleg driftinga av kyrkjelydsprestillinga og ungdomsarbeidet som har behov for ein real økonomisk innsats frå kyrkjelyden.

For å få til ein trygg og oversiktleg økonomi tenkjer me at det er fint med faste, månadlege gåver. Dette kan t.d. ordnast med autotrekk. Det er lite arbeidskrevjande og merkast knapt i den private økonomiske kvardagen, samstundes som det betyr mykje for arbeidet og livet i kyrkjelyden. Gåvene gjev rett på lette på skatten. Les om dette i den tilsende brosjyren. Her er og eit skjema me set pris på å få inn.

Til no har me fått tilsagn om faste månadlege gåver på 4000 kroner. Det er også registrert kjärlig komme eingongssummar. Varm takk til alle som alt har meldt seg som gjevarar! Og så vonar me at mange fleire finn høvet til og glede ved å bli med på denne meiningsfulle dognaden for fellesskapet.

Om nokon har mista brosjyren med påmeldingsskjemaet, kan dei henta denne på heimesida til kyrkja, eller dei kan ta kontakt med kyrkjekontoret.



## Da du var liten

*Da du var liten  
og bare en berøring unna,  
dekket jeg deg med tepper  
mot den kjølige natteluften.*

*Men nå når du er stor  
og utenfor rekkevidde,  
folder jeg hendene  
og dekker deg med bønn.*

(Dona Maddox Cooper)

# Entertainer med evangelisk grunntone

**Nokon kveldar går berre alt for fort, og 18. februar vart ein av desse minneverdige stundene. Då fekk dei heldige av oss oppleva ein tenor og entertainer i elitedivisjonen, Sveinung Hølmebakk. Fødd på Karmøy, busett i Kristiansand og medlem av Nordic Tenors.**

## Torbjørn Hovland

Sveinung har studert song ved Griegakademiet, musikkvitenskap ved NTNU og ved universitetet i Oslo. I tillegg til den akademiske ballasten har han ein unik musicalitet og ei stemmeprakt som bergtok oss. Ikkje rart at han har vore med i mange TV-program, mellom anna Beat for Beat, Sommaropent, Kvelden før kvelden og fleire andre. Og ved kong

Harald sin 70-årsdag var Sveinung Hølmebakk musikalsk toastmaster. Han skriv også eigne tekstar og melodiar, og har ei rekke plater med stor musikalsk spennvidde bak seg. Alt låg følgjeleg til rette for ei stor oppleveling for publikum, og det vart ei fargerik reise gjennom alle slags stilartar.

Russisk folkemusikk, italiensk opera og bedehusklassikarar med elegante potpurri og uventa vendingar. Alt bunde saman av humoristiske stubbar eller tankevekkjande bakgrunnststoff for eigne songar og frå sitt eige liv.

Sveinung har opptrådt på store scener framfor kresent publikum og er trygg og scenevant. Kristentrua går som ein sterk raud tråd gjennom fleire av songane og platene



hans, sjekk gjerne heimesida [www.sveinung.no](http://www.sveinung.no) for ein prøvelytt og meir informasjon.

Ein stor takk til Eli Simonsen og dei andre i temakveld-gruppa som hentar slike artistar til kyrkja vår.

Nokon kveldar går berre alt for fort.

## Glimt frå arbeidet

### Tårnagentar 2016

5. - 6. mars var vi nok ein gong klar for Tårnagentar og det var underteikna sitt første oppdrag etter lang permisjon. Eg har gleda meg til å byrje på igjen, og synes det var stort å få starte med å vere agent. Denne gongen var vi 29 agentar. 20 gutter og 9 jenter. Ein strålende flott gjeng med mykje futt og fart!

På laurdagen hadde vi labyrinth, song, agentmat, skattekjakt og sjølvsagt ein tur opp i tårnet. På søndagen sneik vi oss inn i kyrkja når gudstenesta starta, dette var spennande. Agentane song, dei fekk bok og bidrog med andre oppgaver. Til saman blei dette si feststund for store og små. Til slutt vil vi rette ei stor takk til dei som var med som leiarar, englevakter og til dei som laga så gode muffins til kyrkjekaffien! Vi hadde ikkje klart oss utan dykk!



### Barnas påskefest 2016

Tradisjonen tru gjekk barnas påskefest av stabelen andre søndag etter påske. Vi hadde, også i år, med Fitjar barnegospel og rørte oss med den flotte songen sin og 16 stolte førskuleborn som fekk vere med på hemmeleg klubb, og utdelt bok.

Etter gudstenesta dekka vi langbord i midtgongen og gjorde klart til pizza for 6-åringane og familiene deira. Vi var ein god gjeng som kosa oss med god mat og prat, før vi gjekk ut i den fine vårsola.



# Bedehus-program

## Osternes bedehus

- |        |           |  |
|--------|-----------|--|
| 05.05. | kl. 11.00 | Venestemne m/middag                    |
|        | kl. 13.30 | Ettermiddagsmøte                       |
| 06.05. | kl. 18.00 | Basar for barnelaget Gneisten (Yngres) |
| 17.05. | kl. 19.00 | 17. mai-fest                           |

## Fitjar bedehus

- |        |            |                                     |
|--------|------------|-------------------------------------|
| 01.05. | kl. 17.00  | Storsamling                         |
| 15.05. | kl. 17.00  | Storsamling                         |
| 17.05. | kl. 17.00  | 17. mai-fest                        |
| 22.05. | kl. 19.30  | Søndagsmøte                         |
| 29.05. | kl. 19.30  | Kristen Muslimmisjon                |
| 05.06. | kl. 17.00  | Storsamling                         |
| 10.06. | kl. 19.00  | Song- og musikk-kveld FKIB          |
| 11.06. |            | Årsmøte IMS - Sommarens storsamling |
| 12.06. |            | Årsmøte IMS - Sommarens storsamling |
| 19.06. | kl. 19.30  | Søndagsmøte                         |
| 23.06. |            | Jonsokfeiring                       |
| 24.06. |            | Jonsokbasaren NMS                   |
| 26.06. | kl. 19.30. | Søndagsmøte                         |

## Invitasjon til kyrkjelydstur til Moster

Søndag 29. mai inviterer Soknerådet Kyrkjelyden med til felles gudsteneste på Moster. Gudstenesta tek til kl. 1300. Me køyrer frå parkeringsplassen ved Fitjar Bedehus kl. 1145. Me oppfordrar folk til å organisera felles kjøring/fylla opp bilar med passasjerar. Den som eventuelt manglar transport kan ta kontakt med oss i arr. komiteen.

Etter gudstenesta vil me samla oss på eit friområde ved sjøen på Moster. Der legg me opp til felles grilling. Kvar og ein tek med seg eigen mat og drikke. Me held grill.

Kl 1800 byrjar Mostraspelet, "I slik ei natt". Der ynskjer me å samla flest mogleg frå kyrkjelyden. Me prøver å gå på spelet i samla trupp.

Gje gjerne oss i arrangement komiteen ei tilbakemelding på tekst-melding på kor mange De er vert med på grilling og Mostraspelet.

Mette Lambach (473 76 423)

Gunnvald Aarbø (916 86 123)

Terje Havro (414 44 896)

## Vårdugnad på kyrkjegården

Den 30. april vil me ha ein vårdugnad på kyrkjegården frå kl. 9.00 og nokre timer utover. Meir informasjon kjem på plakat i kyrkja og på heimesida når dagen nærmar seg.

## Temakveldar i Fitjar kyrkje våren 2016



arr.: temakveldgruppa i samarbeid med soknerådet

**28.april 19.30**



"Når tåken letter"  
Møte med eldre  
menneske gjennom  
eit langt presteliv  
v/Iidar Simonsen

## SMS-kollekt

I kyrkja har me prøvd kollekt med SMS no-kre veker. Så langt er erfaringane gode. Det er fleire gjevarar som nyttar seg av tenesta kvar veke. Systemet er trygt, anonymt og krev lite administrasjon. Det er òg slik at gåvene kan gjevast kvar som helst og kva tid som helst. Ein treng ikkje vera tilstade i kyrkja for å gje kollekt.

Skriv: **Fisk BELØP** - Send meldinga til 2468.

Etter at meldingen er sendt, vil du motta ei takkemelding som stadfestar at gåva er motteken. Maks. gåva pr. melding er kr. 500,-. Gåva vert belasta telefonrekninga.

## Sommarjobb på kyrkjegården

Me treng sommarvikarar på kyrkjegården i tida 15. juni til 15. august. Dei som vert tilsett må vera over 16 år og snakka norsk. Interesserte kan senda søknad til:

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no) innan 5. mai.

Ta med i søknaden kva tid du har høve til å arbeide gjennom sommaren.

Nærare opplysningar kan ein få hos kyrkje-verje

Harald Rydland, tlf. 913 47 802

**EL-PROFFEN**

[www.los-elektro.no](http://www.los-elektro.no)  
**firmapost@los-elektro.no**  
**53 42 21 00**



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80  
**Internett:** [www.mestervindu.no](http://www.mestervindu.no)

**GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20



Velkommen til en trivelig handel på Fitjar



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09

[www.rydland.no](http://www.rydland.no)

post@rydland.no



**OPNINGSTIDER:**

Man-tys-fre: ..... 9-16  
 Ons-tor: ..... 9-18  
 Laurdag: ..... 10-14

Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:  
[www.leditime.no](http://www.leditime.no)

**AARBO & KORSVIK  
FORSKALING**

**TLF:**  
916 46 123

**SJØTROLL**

Sjøtroll Havbruk AS  
 Vestbøstad - 5419 Fitjar  
 919 11 800



Mobilnr:  
975 02381



**STEINGARD AS**  
 Postboks 11, 5418 FITJAR  
 Telefon 916 67961



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
 E-post:  
[fitjarcamping@haugnett.no](mailto:fitjarcamping@haugnett.no)



**OPNINGSTIDER**  
 Män,tirs,fre,..... 9-16.  
 Ons,tors,..... 9-18  
 Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks  
frisyren  
hos oss!

Treff oss i 2. etg.  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
 Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



**Engesund**  
 Fiskeoppdrett  
 Visningscenter

Mobilnr: 951 89950

**Fitjar Posten**

E-POST: [tips@fitjarposten.no](mailto:tips@fitjarposten.no) - MOB: 481 51 491

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)

**Husflidskrona**

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00  
53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS

**SPAR**



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Fitjar  
**FJØRDHOTELL**  
Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &  
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenorfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



AUT. ELEKTROENTREPENOR – 5419 FITJAR.  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45



**AUTO**  
SERVICE AS

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar



SparebankenVest  
- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555



Syng med oss !  
OSTERNES MANNSKOR



Kalveid, 5419 Fitjar  
www.kvernenesbaat.no  
Telefon: 918 18 157  
baatbygg@online.no



Sko – Gåver – Leiken  
Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto  
Tlf. 53 49 71 61

**Videoen  
Kiosk**



Vågen's kro  
og catering



48 04 19 09

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**



22 40 00 40



# Slekters gang

**Døypte:**

21. februar:

Sofie Kristiansdotter Vestbøstad

28. februar:

Elias Korsvik Halhjem

Leon Heggøy Strandenes

06. mars:

Melissa-Kristin Kleppe Maraas

20. mars:

Emil Sørli Innvær

Teo Moores

24. mars:

Awa Zandra van Bree

i Tyssedal kirke

27. mars:

Lars Terje Bauge Torland Myhre

17. april:

Markus Gerhardsen

**Vigde:**

16. april:

Åsmund Torvund og  
Karolina Vestvik Matre

**Jordfeste:**

Bertine Sætre

f:26.04.1926 d:10.02.2016

Arne Rasmus Tislavoll

f: 07.09.1933 d:17.02.2016

Norun Hatlevik

f:18.08.1941 d:19.02.2016

Ingrid Tveita

f:23.05.1927 d:17.03.2016

Gudmund Gloppe

f:07.11.1919 d:19.03.2016

Guro Othilie Rimmereid

f:18.05.1922 d:20.04.2016



## Gudstenesteliste

28.04.	torsdag	19:30	Temakveld Idar Simonsen
01.05.	søn. før pinse	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til Laget
04.05.	onsdag	18:00	Samtalegudsteneste for konfirmantane ved kyrkjelydsprest Friðleif Lydersen med fleire.
05.05.	Kr.h.fartsdag	11 og 13:30	Osternes bedehus. Venstemne Indremisjonsforbundet og kyrka.
07.05.	laurdag	11 og 13	Konfirmasjonsgudsteneste ved Johannes Olsen, Friðleif Lydersen, Olav J. Oma og Jan Overweg. Takkoffer til kyrkjelydsarbeid og kirkens nødhjelp.
08.05.	søndag	11:00	Konfirmasjonsgudsteneste ved Johannes Olsen, Friðleif Lydersen, Olav J. Oma og Jan Overweg. Takkoffer til kyrkjelydsarbeid og kirkens nødhjelp.
15.05.	Pinsedag	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg. Kyrkjekoret deltek. Takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.
16.05.	2. pinsedag	12:00	Friluftsgudsteneste på vegen mot Svartavatnet, ved sokneprest Olav J. Oma.
17.05.	17. mai	11:00	Festgudsteneste ved kyrkjelydsprest Friðleif Lydersen og kantor Jan Overweg. Osternes mannskor syng. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
22.05.	Treeinigsøndag	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg. Takkoffer til KRIK.
29.05.			Kyrkjelydstur til Moster - Gudstenesta kl 13:00 i Moster amfi. Talar Herman Inge Aadland. For meir info: Sjå side 9.
05.06.	3 s i treeinigtida	11:00	Familiegudsteneste ved kyrkjelydsprest Friðleif Lydersen og kantor Jan Overweg. Takkoffer til barnevakten.
12.06.	4 s i treeinigtida	10:30	Festmøte – gudstenste – søndagsskule i Fitjar idrett og kulturhus, i samband med årsmøte i IMS, talar: Martin Cave.
19.06.	5 s i treeinigtida	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg. Takkoffer til KFUM- KFUK